

Reglar for fond til fremjing av fisket i Hol kommune.

Stortinget på Oslo Lysverker og avsetja fondet i samband med reguleringa av Ustefalla, jamf. pkt. 17 i konsesjonsvilkåra av 15. juni 1962.

1.

Rentene av fondet skal nyttast til kulturtiltak for betring av fisket i vatn og vassdrag i Hol herred.

Som kulturtiltak kan bl.a. nemnast: Kartlegging av vatn og vassdrag, arbeide for driftsplaner, rydding og opprensning av gytebekker i de regulerte vatn. Oppdemmingsarbeider, klekkeri og oppvekstområder for 1- 2 somrig ørret, tynning i tette fiskebestander o.l.

2.

Det bør leggjast vekt på at dei tiltak det vart gjeve tilskot til, kan koma flest mogeleg til nytte, og at dei har varig verdi.

3.

Fiskeforeningar, grunneigarlag, grunneigarar og enkeltpersonar innan Hol kommune kan söke om tilskot.

Søknad om tilskot blir å sende innlandsfiskenemnda i kommunen innan 1. mars kvart år. Innlandsfiskenemnda handsamar söknadene og gjev tilråding til kommunestyret.

4.

Søknad om tilskot skal vera vedlagt kostnadsoverslag for det arbeide som er tenkt utført. Gjeld det større oppgåver må det vera vedlagt fagleg uttale.

5.

Dersom sökanden om tilskot i enkelte år er større enn summen som er til rådvelde, bør tiltak i regulerte vatn ha førsteretten.

6.

Løyvde tilskot som ikkje er nytta innan to år, går attende til fondet. Det same gjeld tilskot til arbeide som ikkje er fullført etter plan.

7.

I tilfelle år utan söknader, blir rentene å leggja til fondet. Denne/desse summane kan nyttast i år med større söknadssum enn rentene utgjer.

8.

Fondet, stort kr. 50.000,- blir administrert av Hol kommune v/kommunestyret.

Reglane er vedteke av Hol kommunestyre 19.september 1975.

Godkjent av Buskerud fylke 14. oktober 1975.